Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Granvin

Emne: Bygdelag: —

Oppskr. av: Jon Haukanes d. e. Gard: Haukanes

(adresse): Folkedal G.nr. 124 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. etter eigi röynsla

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
pensjonert lærar, 82½ år gamal; Granvin

SVAR

1 Ein sat ved eit langbord; det kunde vera av ymse lengd, oftast 2 plankar i breidd. Her på garden göymer ein på 3 langbord; det största kanskje 8 alne langt. det största av desse er kadla veitlebordet. det andre ca. 6 alne langt var brukt truleg til dagleg bruk til umlag 1800-talet. det tredje er vel ca. 4 alen langt og hev våre i bruk til nyleg. Det hadde ein stor fast bordfot, 4 skuffer med plass til flatbröd, skeier, auser og knivar og elles levningar etter siste bordsete. Dette bord hadde våre lenger, 5½ al ialt, men umlag 1860 saga dei av ei lengd, so det no er berre ca. 4 alne.

(Margin sketch: fugen Bord – 1 högsete, 3 storekrakke, 4 krakken innanum; 1 2 3)

I högsetet sat husbonden, gjerne eit barn ved sida hans; på storekrakken sat husmori, döttene i huset og tenestgjentor; på krakken "innanum" sat
2. vaksne söner, drenger og gutabornii elles. Ved bordet
3. sat alle – heile huslyden; det er alminneleg enno.

4. Dei åt alle same mat, ved same bord.

5. Er det kjöken, eter heile huslyden ved eit bord der. Er det gjester ein sundag, et alle
6. vaksne ved stovebordet, saman med gjestene.
7. Borni et då enten ved serskilt bord, i kjökenet eller og etter dei andre ved stovebordet.

5669

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

emne 23 

7. Til vanleg hev alle vaksne sine faste
plassar ved bordet, slik som nemnd under
8. punkt 1 og 2. Alle sat ved bordet då dei åt.
9. Husbondens plass ved bordet heiter
framleis högsetet og er ved eine enden av
bordet. I veitlor er det kjökemeistaren som
sit i högsetet, ved sida av husbonden eller
verten. Dinest slekt, grannar og kjenningar,
etter alder og vyrdna. Fyrr sat kvinnorne
innan um bordet, mennene framanfor.
10. I brudlaup og gravferd måtte kjömeistaren
og verten passa på at gjestene fekk den plass
dei var verdugetil. I seinare tid er det
meir so at mann og kona, gut og gjenta
sit ved sida av einannan ved bordet.
11. Ein var fyrr og nöye med å vaska sine
hender fyre måltidet, serleg um ein arbeidde
i myk og mold. Dei tok alltid av seg hatt
og hua ved bordet. Ved veitler i gomol tid
sat dei med hatt eller hua medan dei åt
ved bordet; men tok dei av medan kjömeistaren
las og song; då skulde alt vera stilt og roleg.
12. Alle åt av same fat, enten det
var kjöt og supa, eller graut og mjelk. Det
vart ein snuna i det etter 1850 litt um
senn, og heilt slutt etter 1900. Grauten vart
då servert på talerk og mjelki i ei liti skål
av steintøy. Småskåler av tre var i bruk ei
tid; talerken var og av tre - bordisk; men i
gjestebod vart det tidleg avlegt. Sume kunde
ta grauten med skei fyrst og drikka mjelki
av koppen etterpå; men dei kunde og dypp
på skeii med grauten i mjelki. Ingen be-
stemt eller fast regel um dette.
13. Grautagryta vart nok for lenge sidan

5669

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

emne 23 — 3

13. sett på bordet eller på ein benk, og ein langa grautabeten med skeii ned i den felles skyrskål.

Det budde eingong ein kadla proprietar på garden Røynstrond. Tenestgjenta skulle bera kveldsmaten fram på bordet. Ho snåva i eitkvart på golvet, so grautafatet vart knust. Sameleis gjekk det med skyrskåli. Men då vart proprietaren sint: "Eg meiner få'n spille med deg, eg. ha du nå slått nedgrøten, skal du nå slå ned melken og!"

Dette var fyre 1840.

Var det tilfeldige framande tilstades, eter husbonden saman med dei i stovo, og dei andre i kjøkenet.

14 Flesk og kjøt og fisk åt ein alltid med flatbrød fyrr i tidi. Ein laga ein bete av flatbrød, la so imydlo eit stykkje kjøt eller flesk, beit det so av i betar og togg det sundt; var det fisk, hadde ein gjerne litt smør på beten åtåt fiskamolen.

15 Ha ein sukkermole i munnen til kaffien synest sume er ein god skikk, 16 andre ein uskikk. Sameleis um å drikka kaffien or tassinet, og ikkje or koppen. Ei kona rettleidde ein lensmann: drikk or tassine; kaffien er so heit. Sei, førr ska eg brenna kan i meg.

17 Gaffel kom vel i bruk umlag 1860 av almindelege bønder, og tulst sjeldan av dei og. Dei kondisjonerte hadde vel kjent bruken av gaffel lenge og so fyre nemnde tid.

18 I min heim var flate kvasse bordknivar i bruk lenge fyre mi tid. Det hende nok for lenge sidan, at menn og kvinner hadde tollekniv ved bordet, til kjøt og flesk.

5669

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

emne 23 4

Ein som hadde reist i Sirdal for mange år sidan fortalde meg at dei der hadde set ein tollekniv som dei kalla jungjen. Dei reisande vart etla kjøt og flesk. Husverten sa då: «bruk jungjen!» Det galt å skjera kjøt og flesk i små molar.

19 Kvar av huslyden hadde si eigi skei, merkt med bokstavar, enten skeii var av tre eller støypt av horn, av stut eller kyr. Skeiena sett i ei rist ved bordet. Det eldste var skei av tre, seinare av horn. I notidi er skeiena av metal; alpakka, fortena jarn, sylv eller plett elle annan metal. Det var best å eta av hornskeie, men dei tolde ikkje varmen, korkje av heitt vatn eller annan omnshete. Fyre 1900 langa dei altid av felles grautafat, sameleis med supa- og skyrfat. ~~Sameleis~~ altid vart skeie-

20 na vaska for kvart mål.

Fyre umlag 1860 hadde dei bordiskar av tre istaden for talerk. Men serskilt grauttalerk ~~talerk~~ til kvar mann hadde dei ikkje enno. Til kvardags kom ikkje det i bruk fyrr etter 1900, og det slik at dei auste av felles grautafat på ~~ein~~ ein talerk.

21 Til vanleg hadde ein ikkje borddук. Men til veitla og gjestabod hadde dei bordduk. No hav dei som regel ein bordduk um dei fær maten i stova, men ikkje i kjøken, kjedlar eller i mosstova (eigentleg = matstova), som og var eldhus, det ein held til med maten sumardag. Ein brukar voksduk; men det

22 er sjeldnare når bordet er kvitskurt eller måla.

5669

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

emne no 23 23. Frå 1860 var det so at ~~ein~~ kvar fekk
eta det ein vilde ~~av~~ det som var på
bordet. Men fyrr vart maten etla til
kvar einskilde. Ein vaksen kar fekk ~~ein~~
ei lepsa (lefsa) bröd; i 11–13 år fekk dei
ei kalvlepsa og under denne alder ein
veng flattbröd = ¼ lepsa bröd. Kvende
fekk halvdelen av det som var etla ein
kar. Alle fekk mjelk det dei vilde ha. Hertil
kom kjötmolen og flesk(a)molen som i regelen
var rikeleg. Smör vart og etla, men
24 vart knapt etla, då smör var etter måten
dyrt. — „Eg kunde gje dna ha teke meg"
sa ei gjenta til ein som hadde fria til
ho. „Eg ser du kor lite eg ete av alt slag".
Etter at etlinga var farbi og dei
fekk eta det dei vilde, vart ein gut spurd:
„Kor likar de den nye tenestgjen~~ta~~ de kan?"
25 „Å jau, godt, men han far seiv ho æ eit
stort(svin)e smöreit, ho ete so feitt". Dette var
umlag 1870, då ho vart gift ei tid etter.
26 I 7-års alderen og gjerne fyrr ete borni
utan hjelp ved bordet; frå 4-års alder forsyrte
27 dei seg sjölve. Fyrr togg ei mor maten åt borni
sine – ikkje no. – Fyrr var det vanleg at dei las
28 fyre og etter maten – stillbön. Men eingong datt
det ut av munnen til ein rikkmark, som rekna
på rentene: „Nett 70 dala!"
29 Alle hadde lov å snakka med bordet, men
husbond styrde ordet både no og fyrr. Dei
30 fekk og lov å le. Dei song ikkje ved bordet
31 utan på dei store högtidsdagar. – Kona visste
ikkje mannen var gal, fyrr han song ved bordet. Alle
32 venta med bordet til kvar ein var ferdig; no er
det so ymse med det.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 5669 5

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

33 Til vanleg segjer ein ikkje takk for maten, utan ein er framand.

34 Kom ein framand inn under måltidet, sa han: „Signe maten", fyrr: „Signe aotò"!

35 Den framande fekk gjerna eta med ved same bord som dei andre, og var det millom måltidene, fekk han og gjerne mat. men sjeldan noko ekstra traktement – både

36 fyrr og no. Er den framande ein kjend og langvegsfarande, fær han noko ekstra

37 tilstelling, sjölv um det er i Sykne – både fyrr og no. I våre dagar fær den framande allstid ein kopp kaffi. fyrr var det ei rjomakodla, smör, ost og flatbröd av den slag ein

38 kadla skiningabrö. Kom den framande inn millom måltidene, måtte han ofta eta åleina

39 enten på kjöken eller kelst i stovo.

40 Fyrr var det skikk at ein framande etter god skikk måtte plenta seg og eta berre lite; det var dei som hadde nista med og åt den, når dei var komne utum garden.

Gjesten hadde gjerne husbonden til lag, um han åt åleina.

Dei framande måtte „snakka fjydla, når han sku til bords: „Takk eg æ kje svolten ha nyla ete; da æ ei stor skamm" o. s. b. Sameleis um den framande var boden ein dram. „Da æ jaggu ei stor skamm at du ska spandera pao meg!"
„Ja ja, so slar eg drammen pao flasko att", sa bestefar.
„Åja, la meg ta ein dram te daö, sa framandkaren, og dermed tömde han glaset.

Den framande helsa altid: God dag takk fyr sist! Eg minnast ein kvern helsa i brudlaupet åt farbror min, bokskrivar Trond Haukanes, i eit högtideleg samt tonelag: „Gudagjen og takk fy sist, og te lukka me dekans fyrestandande!"


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING